

# Retningsline for studierett

Godkjent av høgskuledirektøren 24.04.2019 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015.

## 1. Definisjon

Den som har akseptert tilbud om studieplass, har studierett til det aktuelle studieprogrammet det er gitt opptak til. Studieretten vert automatisk avslutta når studieprogrammet er fullført eller forventa grad er oppnådd.

## 2. Studierett

### 2.1 Studieretten omfattar

- Rett og plikt til å få fastsett utdanningsplan i samsvar med UH-lova § 4-2 og Forskrift om opptak, studium og eksamen § 4-4
- Rett til å ta del i all undervisning i det studieprogrammet det er gitt opptak til i samsvar med studieplan og utdanningsplan
- Rett til å få vurdering (avleggje eksamen) i samsvar med den vurderingsforma som er fastsett i studieplanen og forskrift om eksamen
- Rett til praksis og andre obligatoriske eller valfrie element i studieprogrammet
- Rett til utdanningsrettleiing av fagperson
- Tilgang til høgskulen sine IT-system, undervisningslokale, lesesalar og andre dører og rom, i samsvar med gjeldande IT-reglement.

### 2.2 Progresjon i registrert utdanningsplan

Normert studieprogresjon for heiltidsstudenten er 30 studiepoeng pr. semester. Studenten skal ikkje melde seg til undervisning og eksamen i meir enn 45 studiepoeng pr. semester utan etter særskild avtale med studieadministrasjonen.

I særlege tilfelle kan studenten, etter søknad om og godkjenning av individuell utdanningsplan for ei grad, få godkjent ei forlenging av studieretten med inntil to år utover normert studietid. Dette vil i så fall medføre spesiell oppfølging og samtalar med studieleiar/ studieprogramansvarleg og/eller studieadministrasjonen.

Når studieprogresjonen er vesentleg lågare enn forventa, jfr. §4-1 i Forskrift om opptak, studium og eksamen, skal studieprogramansvarleg kalle inn til samtale for å avklare status og plan for fullføring.

### 2.3 Permisjon

Permisjon i studieprogram på bachelor- eller mastergradsnivå, kan gi ei forlenging av studieretten, jf. UH-lova § 4-5 og Forskrifta om opptak, studium og eksamen §4-12

Permisjon i studieprogram på mindre enn 60 studiepoeng kan bli gitt etter ei individuell vurdering.

## 3. Betaling og registrering

### 3.1 Krav om betaling av semesteravgift og semesterregistrering.

For å kunne behalde studieretten, og dermed retten til å gå opp til eksamen, er det innan gitt frist for kvart semester krav om å:

- Betale ordinær semesteravgift og eventuell tilleggsavgift. Studentar som kan dokumentere innbetalt semesteravgift for inneverande semester til ein annan høgskule/universitet, får fritak av den delen av semesteravgifta som går til Studentsamskipnaden i Volda.
- Registrere seg for semesteret i Studentweb.

## 4. Tap av studierett

### 4.1. Tap av studieretten

Konsekvensen av manglande betaling og/eller registrering er at studenten misser studie- og eksamensretten. Dette inneber alle rettar som studieretten gir jf. Forskrift om opptak, studium og eksamen §4-1

### 4.2. Andre grunnar som kan føre til tap av studieretten

- alle eksamensforsøk i eit emne er brukt utan bestått karakter, jf. Forskrift om studium og eksamen §5-2
- praksis er ikkje bestått utan at det er gjeve dispensasjon
- forventet progresjon i studiet er ikkje oppnådd. Eventuelle forkrav til enkeltemne som må vere bestått for å kunne halde fram i studiet skal vere nedfelt i studie- og emneplanane
- vurdering i emne som ikkje lenger vert tilbode, jf. Forskrift om opptak studium og eksamen §5-3
- fusk eller forsøk på fusk, annullering av eksamen, utestenging og bortvising, eller anna form for utestenging, jf. UH-lova § 4-7 til § 4-10
- ved innvilga overgang til nytt studieprogram, fell studieretten til det gamle studieprogrammet bort.

### 4.3. Informasjon og klage ved inndraging av studieretten

Ved tap av studieretten sender studieadministrasjonen eit elektronisk varsel til studenten og dreg inn studieretten etter at frist for betaling og registrering m.m. er ute.

Inndraging av studierett er eit enkeltvedtak som gir klagerett etter Forvaltningslova kapittel IV. Eventuell skriftleg klage på vedtaket vert å sende til Høgskulen i Volda innan fristen for klage.

### 4.4. «Gjenoppretting» av tapt studierett

Studentar som har fått innvilga søknad om å få opna ein studierett på nytt for å halde fram i registrert utdanningsplan og fullføre gjeldane studieprogram, må akseptere eventuelle pålegg eller endringar i studieplanen som har kome til etter at vedkomande sist var student på studiet.

## 5. Ny studierett

### 5.1. Eventuell ny studierett

Studentar med studierett som er tapt for meir enn eitt år sidan, må søke opptak på nytt, og eventuelt søke innpassing/fritak for fag/emne som er godkjende frå før for å kunne fullføre studieprogrammet.

Studentar som misser studieretten på bakgrunn av at alle forsøk til eksamen er brukt opp, kan ikkje søke opptak til same studieprogram ved Høgskulen i Volda på nytt.